

List of Signatures

Page 1/1

 Året 2024 - Orientering frå styret_230525.pdf

Name	Method	Signed at
Gillestad, Grim Erik	BANKID	2025-06-04 08:36 GMT+02
Hjelle, Anne Mette	BANKID	2025-06-03 15:26 GMT+02
Dalin, Marius Langballe	BANKID	2025-05-29 16:11 GMT+02
Janninge, Carl Joakim	BANKID	2025-05-28 09:54 GMT+02
Dvergsdal, Tore	BANKID	2025-05-28 09:03 GMT+02
Johnsen, Anja Grov	BANKID	2025-06-09 07:33 GMT+02



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

External reference: 3F474021B05B40C7862A8D352E480B80

Året 2024 – Orientering frå styret

SUNN

SUNN Sunnfjord
Miljøverk



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
3F474021B05B40C7862A8D352E480B80

INNHALD

1	Om oss	
	Sunnfjord Miljøverk IKS	4
	Opning frå styreleiar	5
	Dagleg leiars kommentar	6
	Våre viktigaste oppgåver	8
	Visjon og målsetnad	9
	Strategi og berekraft	10
2	Organisasjon	
	Organisasjonsstruktur	16
	SUM som arbeidsgjevar	17
	Tiltak for å hindre diskriminering mv.	17
	Nye stillingar	18
	Kundehandsaming	18
	Representantskapen	19
	Styret	19
3	Drift og utvikling	
	Drift og utvikling i 2024	21
	Gebyr og RFID- merking av dunkar	24
	Risiko	25
	Avfallsmengd 2024	27
	Openheitslova	29
4	Rekneskap	
	Årsrekneskapen for 2024	31
	Driftsinntekter	31
	Driftskostnader	32
	Finanspostar	32
	Utgreiing om årsrekneskapen og resultatdisponering	32
	Eigenkapital og gjeld	33
	Nøkkeltal	34
	Fordeling av inntekter og kostnader	34
	Ytingar til dagleg leiar i 2024	35
	Fordeling på verksemdsområde	36
	Kostnadar dekkja av renovasjonsgebyret for hushald	37
	Kostnadar dekkja av slamgebyret for hushald	38
	Resultatrekneskap	39



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
3F474021B05B40C7862A8D352E480B80

1

OM OSS

Sunnfjord Miljøverk IKS	4
Opning frå styreleiar	5
Dagleg leiars kommentar	6
Våre viktigaste oppgåver	8
Visjon og målsetnad	9
Strategi og berekraft	10





Sunnfjord Miljøverk IKS

SUM er eit renovasjonsselskap eigd av fleire kommunar. Det blei starta i mai 1993 av kommunane Askvoll, Fjaler, Førde, Gaular, Hyllestad, Jølster og Naustdal..

1. januar 2021 blei Førde, Gaular, Jølster og Naustdal ein del av Sunnfjord kommune. I dag er det Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Sunnfjord som eig SUM.

Vi har ansvar for renovasjon for om lag 30 000 innbyggjarar, 12 500 bustad-hushald og 2900 fritidsabonnentar.



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
3F474021B05B40C7862A8D352E480B80



Grim Erik Gillestad
Styreleiar

Opning frå styreleiar

Kjære lesar!

Det er ei glede å presentere vår orientering om året 2024 for Sunnfjord Miljøverk – eit år som har vore prega av både store utfordringar og viktige framsteg.

SUM har i 2024 måtta tilpasse seg nye EU-krav, strengare miljøreguleringar og auka forventningar frå både myndigheiter og innbyggjarar. Organisasjonen vår har vist stor tilpassingsdyktigheit og profesjonalitet i møte med desse endringane.

Eg er særleg stolt av at SUM vart kåra til beste selskap i landet på innsamling av rein plastemballasje – eit resultat som viser at vi er på rett veg mot vårt mål om å gjere avfall til ein ressurs. Dette er ikkje berre ein teknisk prestasjon, men ein stadfesting på at samarbeidet mellom SUM og våre abonnentar fungerer godt.

Denne suksessen ville ikkje vore mogleg utan våre dyktige og engasjerte tilsette. Deira kunnskap, dedikasjon og vilje til å gå det ekstra steget har vore avgjerande for at vi har klart å levere høg kvalitet på alle våre tenester.

Samtidig har vi i 2024 teke viktige strategiske grep for framtida. Innføringa av den nye gebyrmodellen frå 2025, investeringane i elektrifisering av maskinparken, og planane om eventuell flytting til Moskog, viser at styret og representantskapen tek ansvar for å sikre at SUM er rusta for framtidens utfordringar.

Avfallsbransjen står overfor ein transformasjon som krev både mot og klokskap. Styret har difor prioritert å styrke organisasjonen internt, samstundes som vi held fokuset på kjerneoppgåva vår: å tilby løysingar verda treng, til glede og nytte for folk og lokalsamfunnet.

God lesnad!

Helsing
Grim Erik Gillestad
Styreleiar





Tore Dvergsdal
Dagleg leiar

Dagleg leiars kommentar

SUM har hatt sterk vekst dei siste åra, og oppgåvene våre har utvikla seg i takt med dette. I dag handterer vi heile spekteret av kommunikasjon, informasjon, administrasjon og fakturering knytt til renovasjonstenester for abonnentane våre. Avfallsbransjen er i rask endring, og stadig nye og strengare krav frå EU og nasjonale myndigheiter påverkar korleis vi skal handtere og organisere arbeidet vårt.

Desse endringane utfordrar drifta på nye måtar og krev at vi er tilpassingsdyktige og i forkant av utviklinga. Eit døme er kravet om at fleire avfallstypar skal handterast under tak – noko som fører til bygging av nye hallar. Hausten 2024 sette vi opp ein ny rubbhall, som blir teken i bruk tidleg i 2025. Denne vil bidra til at vi kan møte dei strenge miljøkrava som no gjeld. Frå 1. januar 2025 er det òg krav om utsortering av øydelagde tekstilar som eigen fraksjon, og frå 1. juli skal vi tilby eigne løysingar for innsamling av glas- og metallemballasje.

For å nå EU sitt mål om 65 % utsortering av restavfall innan 2035, må vi spele på lag med abonnentane våre. God informasjon og insentiv er avgjerande for å oppnå dette. I 2024 gjennomførte SUM ei plukkanalyse som viste ein utsorteringsgrad på 31 % av restavfallet, noko som understrekar behovet for forbetring. Vi har likevel stor tru på at dette vil betre seg vesentleg etter innføringa av den nye gebyrmodellen frå 1. januar 2025, der abonnentane betaler etter mengda restavfall. Plukkanalysen viste at over 40 % av feilsorteringa i restavfallet var matavfall – eit område med stort forbetringspotensial.

Samtidig viser erfaringane våre at det er mogleg å oppnå svært gode resultat når innbyggjarane får gode verktøy og rettleiing. Eit av høgdepunkta i 2024 var at SUM vart kåra til best i landet på innsamling av rein plastemballasje. Under kvalitetsrevisjonen gjennomført av Plastretur oppnådde vi ein forureiningsgrad på berre 2,6 prosent - ei markant betring frå tidlegare år. Dette er eit resultat av både systematisk arbeid frå SUM si side og ikkje minst innsatsen frå innbyggjarane våre, som har vist stor vilje til å sortere rett. Vi har gjort fleire tiltak for å gjere det enklare å sortere plast, mellom anna ved å tilby plastsekkar på utvalde butikkar og kommunehus. Utmerkinga er ei viktig stadfesting på at vi er på rett veg, og den motiverer oss til å halde fram arbeidet for ei meir berekraftig avfallshandtering.

2024 var eit år prega av førebuingar for dei endringane som no vert rulla ut i 2025. Vi har arbeidd grundig med å utvikle ein ny, meir rettferdig





Eit av høgdepunkta i 2024 var at SUM vart kåra til best i landet på innsamling av rein plastemballasje.

gebyrmodell som skal bidra til betre sortering og reduserte avfallsmengder. Samstundes tok SUM som eitt av dei første avfallsselskapa i landet i bruk ei ny elektrisk kvern – eit viktig steg for å redusere dieselforbruk og miljøpåverknad.

Organisatorisk har vi i 2024 styrka det interne samarbeidet. SUM har oppretta arbeidsmiljøutval (AMU), etablert verneombod og tillitsvald, og tillitsvald stiller no fast på styremøte. Dette er viktige grep for å sikre god involvering og medverknad internt.

I tillegg har vi sett i gang eit større utgreiingsarbeid for å vurdere ei eventuell flytting av heile verksemda (utanom deponiet) til Moskog. Målet er å ta ei avgjerd innan utgangen av sommaren 2025. Dersom flytting vert vedteke, er ambisjonen at eit nytt anlegg skal stå klart i løpet av 2029.

SUM har som visjon å tilby løysingar verda treng – til glede og nytte for både folk og lokalsamfunn. Det skal vi halde fram med, og forsterke, i åra som kjem.



Våre viktigaste oppgaver

SUM har som hovudoppgåve å møte eigarkommunane sine utfordringar innan avfalls- og slamhandtering, med fokus på økonomi, ressursbruk og miljø. Innbyggjarane sine ønskje og behov står sentralt i arbeidet vårt, og vi legg vekt på løysingar som både er praktiske og berekraftige.

Selskapet utfører lovpålagde tenester for eigarkommunane med heimel i forureiningslova. Dette omfattar ansvar for oppsamling, innsamling, transport og handsaming av alle typar avfall i kommunane, i tillegg til innsamling, transport og handsaming av slam frå slamavskiljarar og kommunale reinseanlegg.

Dotterselskapet vårt, SumTrans, står for innsamling av avfall frå hushald. Vi driftar seks gjenvinningsstasjonar i regionen, med hovudanlegg på Einestølen i Sunnfjord kommune. På desse stasjonane tilbyr vi mottak, mellomlagring og vidareending av både farleg avfall og avfall som kan energi- eller materialgjenvinnast.

SUM samarbeider tett med kommunar og selskap både i og utanfor regionen, for å utvikle og levere berekraftige løysingar til nytte for innbyggjarane.

I Noreg er avfallshandsaming eit kommunalt ansvar. Eigarkommunane har valt å løyse denne oppgåva i fellesskap gjennom SUM. Vi arbeider for å tilby løysingar som er brukarvennelege, miljømessig gode og økonomisk forsvarlege – mål som ofte lar seg kombinere. Hushald og fritidsbustader har plikt til å levere avfall gjennom dei kommunale ordningane, medan verksemder står fritt til å velje mellom kommunale og private aktørar.

SUM har òg eit sterkt fokus på formidling og engasjement. Vi tek imot skuleklassar til omvising og undervising på anlegget vårt på Einestølen, og vi deltek aktivt i lokale ryddeaksjonar. Kvart år inviterer vi ein skuleklasse til å delta i opprydding av flygeavfall i og rundt anlegget – eit viktig tiltak for både læring og miljø.




Visjon og målsetnad

Visjon

Sunnfjord Miljøverk skal tilby løysingar verda treng, til glede og nytte for folk og lokalsamfunnet.

Overordna målsetnad

Sunnfjord Miljøverk skal vere meir enn eit renovasjonsselskap. I dette ligg det at SUM skal gjere avfall til ressurs. Vi skal vere ein aktiv og nyskapande aktør som samarbeider, utviklar og tilbyr lokalsamfunnet dei beste berekraftige løysingane.



Strategi og berekraft

Styret har vedteke ein strategiplan for SUM for perioden 2023–2026, som legg rammene for vidare utvikling av verksemda. Planen byggjer på nasjonale føringar og krav, samt dei lokale utfordringane som eigarkommunane står overfor innan avfalls- og slamhandtering. Eit sentralt mål for styret er at SUM skal bidra til å gjere avfall om til ein ressurs, og vere ein aktiv og nyskapande aktør i samarbeid med lokalsamfunna. Gjennom dette skal selskapet utvikle og tilby dei mest berekraftige løysingane som er tilgjengelege.

Styret følgjer utviklinga i bransjen og endringar i rammelovgjevnad tett, og har eit særleg fokus på korleis selskapet til ei kvar tid skal møte nye krav og utfordringar. Dette langsiktige perspektivet skal sikre både god og stabil drift, og ei positiv utvikling for konsernet.

Blant dei viktigaste tiltaka for å styrke verksemda framover, er vidare digitalisering av løysingane vi nyttar i dag, tilpassing til nye myndigheitskrav, vidareutvikling av kvalitetssystema og auka elektrifisering av maskinparken.

SUM støttar opp om alle berekraftsmåla til FN, men har valt å rette særskilt merksemd mot sju av dei, der verksemda har størst moglegheit til å påverke i positiv retning.



Berekraftsmåla har vi konkretisert på følgjande vis



Vi skal nytte og bidra til utvikling av innovative og brukarvennlege tenester.
Vi skal sørge for å utvikle optimal infrastruktur som toler klimaendringane.

9.1 & 9.4



Vi skal bidra aktivt til å bygge berekraftige lokalsamfunn som ein foretrukken arbeidsgjevar og tilretteleggar av gode løysingar.

11.6



Vi skal bidra til å redusere forbruket og utnytte avfallsressursane maksimalt ved å vere ein tilretteleggar, opplyse, veilede og informere.

12.2, 12.3, 12.4, 12.5 & 12.7



Vi skal jobbe med berekraft i alle delar av verksemda og sikre ein reduksjon av vårt eige, så vel som abonnentane og kundane sitt klimaavtrykk.

13.2 & 13.3



Vi skal sikre og påsjå at vi ikkje forureinar grunnen på våre anlegg.

14.1 & 14.3



Vi skal aktivt sjå etter nye løysingar for å sikre berekraftig liv på land.
Vi skal prioritere å ha høg sikkerheit på anlegga våre.

15.3 & 15.8




Vi skal samarbeide med andre for å dele kunnskap og best mogleg kunne etterleve strategien og berekraftsmåla vi har utpeika oss.

17.17



I høve til krav frå EU og FN sine berekraftsmål har SUM eit stort fokus på ressursutnytting og avfallshandtering basert på avfallshierarkiet sine prioriteringar.



Vi arbeidar målretta med fem prioriterte strategiske satsingar for perioden 2023 – 2026.



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
3F474021B05B40C7862A8D352E480B80



Strategien samsvarar med SUM sitt føremål i selskapsavtalen, samt krav og mål knytt til lovpålagt renovasjon og slam.



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
3F474021B05B40C7862A8D352E480B80



Gjennom heile 2024 jobba vi med å få appen på plass. Frå april 2025 kunne kundane endeleg få varsel før tømning igjen.

SUM jobbar løpande med dei ulike strategipunkta. Under er det skildra noko av det vi har jobba med i 2023 og 2024

1. Tilby gode og berekraftige tenester for abonnentar og kundar

- Matavfallssortering vart starta opp i 2023. Frå 1. januar 2025 startar vi opp med innsamling av tekstilar
- Vi er i dialog med eksterne partar om felles næringssselskap
- Det blir oppstart av fleksibel gebyrmodell frå 1. januar 2025

2. Styrke vår eksterne kommunikasjon og synlegheit

- Utvikling av ny profil og heimeside er i pågåande prosess
- Kundane kan no nytte nettsida www.sumavfall.no

3. Utvikle framtidsretta og moderne anlegg

- Den digitale saks- og kundehandsaminga er i god utvikling
- Eit forprosjekt for ny gjenvinningsstasjon er starta opp i 2024
- Planlegging av utvikling og utviding av dei ytre stasjonane er i arbeid
- Oppgradering og vedlikehald av bygningsmasse, maskiner og utstyr er i pågåande prosessar
- Elektrifisering av maskinparken er starta opp
- Sum ser no på å flytte hovuddelen av verksemda frå anlegget på Einestølen til Sunnfjord Næringspark på Moskog.

4. Vere ein attraktiv arbeidsplass som prioriterer kompetanseutvikling

- Vi er i god prosess på utbetring av internkommunikasjon, med vekt på samhandling og informasjonsflyt
- Vi er i god prosess på utbetring av tydelege arbeidsinstruksar, fullmakter, roller og ansvar
- Vi er i god prosess på utbetring av medarbeidaroppfølging

5. Utvikle næring og bidra til lokal verdiskaping saman med andre

- Vi er i prosess med å etablere gode møtepunkt med eigarkommunane
- Vi er i prosess om å etablere samarbeid med regionale næringshagar, andre renovasjonsselskap samt barne- og ungdomsskular, vgs.- og høgskular
- Vi utvidar deltaking på relevante og aktuelle konferansar/seminar



2

ORGANISASJON


Organisasjonsstruktur	16
SUM som arbeidsgjevar	17
Tiltak for å hindre diskriminering mv.	17
Nye stillingar	18
Kundehandsaming	18
Representantskapen	19
Styret	19



Organisasjonsstruktur

Sunnfjord Miljøverk IKS er organisert med eit morselskap, Sunnfjord Miljøverk, og to dotterselskap, SumTrans og SUM Næring.

Organisasjonskartet viser hierarkiet i Sunnfjord Miljøverk og korleis organisasjonen er oppbygd. I organisasjonskartet som er vist er ikkje dotterselskapa SumTrans og SUM Næring inkludert.



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
3F474021B05B40C7862A8D352E480B80

1,98 %

Sjukefråværet i konsernet har blitt redusert betydeleg og var i 2024 på 1,98 %, samanlikna med 8,4 % året før.

SUM som arbeidsgjevar

I SUM er vi oppteken av å vere ein inkluderande og attraktiv arbeidsgjevar. Vi meiner at mangfald, både i form av kjønn og alder, er avgjerande for å skape eit godt og produktivt arbeidsmiljø. Difor legg vi vekt på desse faktorane ved rekruttering av nye medarbeidarar. Vi har som mål å sikre full likestilling mellom kvinner og menn på alle nivå i organisasjonen. For tida har konsernet 41 tilsette, der 5 av desse er kvinner, og vi jobbar kontinuerleg for å styrke kjønnsbalansen i selskapet.

SUM legg stor vekt på dei tilsette si helse og trivsel, både fysisk og psykososialt. Vi gjennomfører ei årleg medarbeidarundersøking for å kartleggje arbeidsmiljøet og identifisere moglegheiter for forbetring. I tillegg gjennomfører vi medarbeidarsamtalar éin gong i året, der leiarar og tilsette saman diskuterer mål, utfordringar og utviklingsmoglegheiter. Desse samtalanene er eit viktig verktøy for å fremje personleg og profesjonell vekst.

Sjukefråværet i konsernet har blitt redusert betydeleg og var i 2024 på 1,98 %, samanlikna med 8,4 % året før. Dette er eit resultat av vårt målretta arbeid for å fremje trivsel og førebyggje helseutfordringar.

Vidare samarbeider vi tett med bedriftshelsetenesta for å sikre at dei tilsette får den oppfølginga dei treng. Alle tilsette får tilbod om helsekontroll kvart tredje år, og i 2024 har alle i driftsavdelinga gjennomført denne kontrollen. Desse tiltaka bidreg til eit trygt og helsefremjande arbeidsmiljø der alle tilsette kan trivast og yte sitt beste.

Tiltak for å hindre diskriminering mv.

Konsernet har nulltoleranse for diskriminering på arbeidsplassen. Vi arbeider aktivt for å fremje eit arbeidsmiljø der alle tilsette vert behandla med respekt og likeverd, uavhengig av kjønn, alder, etnisitet, religion, seksuell orientering eller funksjonsevne.

Tiltak for å hindre diskriminering inkluderer:

- Gjennomføring av årlege medarbeidarundersøkingar for å kartleggje eventuelle utfordringar og sikre eit inkluderande arbeidsmiljø.
- Etablering av klare retningslinjer og varslingsrutinar for å handtere tilfelle av diskriminering eller trakassering.
- Vi legg ned målretta innsats for å tiltrekke oss eit breitt spekter av kvalifiserte kandidatar ved å bruke ulike rekrutteringskanalar og sikre at stillingsutlysingane våre når fram til alle grupper, inkludert dei som tradisjonelt kan vere underrepresenterte.



Nye stillingar

I 2024 har ikkje SUM oppretta nye stillingar, men vi har hatt fokus på å optimalisere ressursane innan eksisterande stillingar og styrke kompetansen hos våre tilsette. Vi har prioriterte tiltak for å sikre at eksisterande stillingar er godt bemanna og dekkjer dei behova som finst i organisasjonen.

I tillegg har vi sett på moglegheiter for kompetanseoverføring og tverrfagleg samarbeid, slik at vi kan sikre ein robust organisasjon med dei rette ferdighetene på plass. Dette har vore eit viktig arbeid for å handtere våre behov i forhold til arbeidskapasitet og framtidige utfordringar.

Vi vil halde fram å evaluere våre behov for nye stillingar basert på utviklinga i marknaden og interne krav, og vi vil vurdere oppretting av nye stillingar dersom det blir nødvendig for å styrke organisasjonen på sikt.

Kundehandsaming

Kundehandsaminga i SUM er delt mellom eigen organisasjon og samarbeidspartnar. Gebyrrelaterte kundetenester blir handtert av ekstern part, medan SUM sjølv tek seg av oppfølginga av næringskundar og kundar med slamabonnement. Statistikk for dei tre siste åra viser at vi tek kundedialogen på alvor.

I 2024 tok vi imot 3 955 telefonar, med ein svarprosent på 90,7 %. På e-post var responsen endå betre, med 2 578 mottekne henvendingar og ein svarprosent på 99,1 %. Trass i ein liten nedgang i svarprosent på telefon, held vi fram med å utvikle kundetenestene våre for å sikre god service og rask respons til brukarane våre.

Under ser ein oversikt for dei tre siste åra.

	2022	2023	2024
Innkomne telefonar	3 944	5 659	3 955
Svarprosent	97,3 %	97,1 %	90,7 %
Mottekne e-postar	2 878	2 892	2 578
Svarprosent	99,9 %	99,5 %	99,1 %



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
3F474021B05B40C7862A8D352E480B80

Representantskapen

Representantskapen er vald av kommunane til å sjå til at selskapet driv etter føremålet, selskapsavtalen og i samsvar med lover og reglar. Dei fastset budsjett og rekneskap for selskapet. I 2024 hadde representantskapen følgjande medlem:

Det er halde to møter i representantskapen i 2024.

Kommune	Representant	Personleg vararepresentant
Askvoll	Ole Andre Klausen	Kjell Kristian Carlsen
Sunnfjord	Jenny Følling	Rune Hegrenes / Johnny Kårstad
Sunnfjord	Henrik Nordal	Ove Farsund / Annlaug Birkeland
Sunnfjord	Anne Kristin Lilleaasen	Tore Fossen / Inge Råheim
Sunnfjord	Eldrid Margrete Skudal	Magne Aardal / Tone Otterlei
Hyllestad	Kjell Eide	Christian Hatlem Skår
Fjaler	Leif Jarle Espedal	Marte Haugsbakk

Styret

Styret i Sunnfjord Miljøverk består av fem faste medlem og tre nummererte varamedlemmer.

1. varamedlem skal vere frå den av dei mindre kommunane som ikkje er representert i styret. Denne har ikkje møteplikt eller stemmerett, men vert kalla inn til kvart møte.

Det er halde sju styremøter i 2024.

I 2024 hadde styret desse medlemmane:

Representant	Vararepresentant
Grim Erik Gillestad (styreleiar)	1. Geir Helge Nordstrand
Marius Dalin (nestleiar)	2. Steinar Kvame
Anne-Mette Hjelle	3. Lene Beate Dingsøyr
Anja Grov Johnsen	
Joakim Janninge	



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
3F474021B05B40C7862A8D352E480B80

3

DRIFT OG UTVIKLING

Drift og utvikling i 2024	21
Gebyr og RFID- merking av dunkar	24
Risiko	25
Avfallsmengd 2024	27
Openheitslova	29



Drift og utvikling i 2024

Utfasing av farga sekkar

Ved inngangen til 2024 vart det bestemt at SUM skulle fase ut mottaket av farga sekkar. Målet var å betre sorteringsgraden, redusere mengda restavfall og sikre betre handtering av farleg avfall, el-avfall og batteri. Overgangen til gjennomsiktige sekkar gjer det enklare å gjennomføre visuell kontroll og avdekke feilsortering ved mottak.

Ny bilvekt på Einestølen

Etter over 30 års teneste vart den gamle 10 meter lange stålvekta bytta ut med ei ny 12 meter lang betongvekt på hovudanlegget på Einestølen. Vekta har vore i drift sidan ho først blei installert på Løkingsmyra i 1992, og seinare flytta til Einestølen i 1997. I samband med utskiftinga er det òg installert nytt vektprogram, noko som har som målsetnad å effektivisere drifta ytterlegare.

Brannavvik og uønskte hendingar

Det har vore fleire mindre brannar i sorteringshallen, alle utløyst ved fysisk påverknad av avfallet ved kverning eller anna kontakt med avfallet. Takka vere årvake og dyktig personell, samt godt varslingsutstyr, har alle brannar blitt sløkt internt utan behov for assistanse frå brannvesenet. Talet på brannar har vore synkende dei siste åra. I tillegg vart det oppdaga svartelista art (hagelupinar) på området – desse blei fjerna og forsvarleg deponert.

Elektrifisering og ny kvern

Det er investert i ei ny, elektrisk driven kvern – den første i sitt slag i Noreg med batteridrift på belte. Kverna krev heile 320 kW straum, noko som gjorde det naudsynt å etablere ny trafostasjon og H-mast. I same prosjekt bygde SUM nytt teknisk rom. Denne investeringa markerer eit viktig steg i overgangen til meir klimavenleg drift.

HMS og arbeidsmiljø

For å redusere eksponering for avdamping frå farleg avfall, er det montert avsugshette over tappeområdet. SUM har òg investert i L-stativ for tryggare og meir ergonomisk handtering av klorparafinvindauge, og fått godkjenning frå Statsforvaltaren for maskinell lessing av containerar – alt for å redusere risiko og belastning for tilsette.



Skuleklassar og bossplukking

I 2024 deltok også ein skuleklasse i bossplukking på og rundt anlegget.





Innsatsen vart belønna med eit tilskot til klassetur. SUM ser dette som ein viktig kombinasjon av miljøarbeid og opplæring.

Nedgraven sorteringsløysing

For å ta imot ulike avfallsfraksjonar frå nedgravne løysingar, har SUM utvikla ein spesialcontainer med fire kammer. Dette gir betre ressursutnytting og meir effektiv drift.

Tilsyn frå Statsforvaltaren

I 2024 fekk SUM ny sakshandsamar hos Statsforvaltaren og hadde difor eit orienteringsbesøk med fokus på deponiet i Hesjedalen. Seinare fekk SUM eit uanmeldt tilsyn som del av ein nasjonal aksjon retta mot farleg avfall. Resultatet var to mindre avvik knytt til kontroll med mogleg avrenning frå lagerområdet. SUM fekk ros for dokumentasjon og oppfølging.

Plukkanalysar og sorteringskvalitet

SUM deltok i ei plukkanalyse av emballasjeplast i regi av Plastretur. Resultatet viste ein forureiningsgrad på berre 2,6 %, ned frå 71 % sist kontroll. Dette plasserte SUM på topp nasjonalt. Samtidig viste ei plukkanalyse av restavfall at det framleis er stort forbettringspotensial, særleg med tanke på matavfall.

Grendarute for farleg avfall

Den årlege innsamlinga av farleg avfall gjennom «Grendaruta» vart også gjennomført i 2024. Ruta hadde god oppslutnad og resulterte i innsamling av betydelege mengder farleg avfall frå både hushald og næringsliv.

Komprimering og transporteffektivisering

SUM har innført komprimering av avfall i containerar ved alle ytre gjenvinningsstasjonar. Dette reduserer transportbehovet og aukar kapasiteten. For enkelte fraksjonar har tiltaket redusert behovet for henting frå tre til éin gong.

Skadedyrkontroll

SUM har avtale med Anticimex om skadedyrkontroll, med hovudvekt på smågnagarar. All sanering skjer med elektrostøyt, og SUM har god kontroll over situasjonen.

SUM i avfallsbransjen

SUM har vore aktivt representert i bransjen gjennom innlegg i tidsskrift og



konferansar som Kretsløpet, KAV og Farleg Avfallskonferansen. Tilsette har delteke på kurs og webinar, og SUM har halde innlegg hos andre aktørar om renovasjon og mottakskontroll. Intern opplæring har inkludert førstehjelp, HLR og brannøving.

Ny vêrstasjon

Den gamle vêrstasjonen på Einestølen slutta å fungere, og det er no installert ein ny. Dette er viktig for å dokumentere forholdet mellom nedbør og avrenning frå deponiet, i tråd med krav frå Statsforvaltaren.

Utbygging og nye løysingar

Hausten 2024 starta bygginga av ein ny rubbhall for å imøtekomme krav om betre handtering av kompleksmetall og CCA impregnert trevirke. Den nye hallen gir også lagringskapasitet for fleire fraksjonar under tak, noko som styrkjer både driftseffektivitet og miljøtryggleik.

Framtidsretta finansiering

Ved utgangen av 2024 hadde SUM om lag 20 000 abonnentar som leverte avfall vederlagsfritt på Einestølen, og om lag 24 000 på ytre gjenvinningsstasjonar. Frå 1. januar 2025 er det innført ein ny betalingsmodell der berre utvalde fraksjonar framleis er vederlagsfrie. Modellen er del av ei fleksibel og rettferdig gebyrløysing som skal sikre langsiktig finansiering og meir berekraftig drift.



Illustrasjonane for SUM er teikna av Anette Moi.



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
3F474021B05B40C7862A8D352E480B80


Gebyr og RFID- merking av dunkar

SUM har som mål at alle abonnentar i eigarkommunane skal ha lik renovasjons- og slamtømmeordning, og like gebyr. Eit viktig steg mot ei meir rettferdig og effektiv løysing er innføring av RFID-merking av avfallsdunkar. Når dunkane er merka med elektroniske RFID-brikker, kan kvar tømning knytast til den einskilde husstanden. Dette gjer det mogleg å registrere faktisk bruk av tenesta og opnar for differensierte gebyr basert på kor mykje avfall som vert levert.

Ei slik løysing skal motivere abonnentane til betre kjeldesortering og mindre restavfall, noko som igjen fremjar gjenvinning av papp/papir, plastemballasje, glas- og metallemballasje og matavfall. Samstundes sikrar ordninga tilstrekkeleg kostnadsdekking i tråd med sjølvkostprinsippet. Arbeidet med RFID-merking vart fullført i 2024, og frå 1. januar 2025 vert det innført ein ny og meir rettferdig betalingsmodell.

Betalingsordninga skal sikre betre samsvar mellom gebyrmodell og faktisk bruk, og styrker prinsippet om at den som forureinar, skal betale. Endringa er òg i tråd med myndigheitskrav om auka utsortering og reduksjon av avfallsmengder. Følgjande moment ligg til grunn for omlegginga:

- Den tidlegare ordninga hadde opplagte smotthol som kunne undergrave formålet med gebyrmodellen
- Ei betalingsløysing forsterkar miljøprinsippet om at forureinar betaler
- SUM har vore blant dei siste selskapa med vederlagsfri levering på stasjon, noko som går imot krava om auka utsortering
- Nokre abonnentar leverer store mengder innanfor dagens gebyr, noko som gir urimeleg høgt forbruk av tenesta
- Auka kø og trengsel på gjenvinningsstasjonane viser at mange nyttar tilboda til småleveringar, og til dels som sosial møteplass – noko som ikkje er intensjonen
- Endringa i betalingsmodellen er eit viktig grep for å sikre framtidretta og berekraftig drift, med rettferdig kostnadsfordeling og betre miljøeffekt.



Risiko

SUM arbeidar kontinuerleg med å redusere risiko for ikkje-ønskja hendingar. Det vert årleg utført risikoanalyse knytt til SUM si drift og aktivitetar.

SUM står overfor fleire typar risiko, både innanfor drift, økonomi og etterleving av myndigheitskrav. Ein fellesnemnar ved dei siste tilsyna frå Statsforvaltaren har vore manglar ved kontrollsystemet og for dårleg etterleving av løyvet og krav til avfallshandtering. Auka krav til dokumentasjon og forsvarleg handtering av avfall stiller høge krav til kompetanse i organisasjonen. Store delar av året vart difor nytta til å svare ut krav frå Statsforvaltaren, med frist 1. mai 2024. Her har arbeidet vore særleg retta mot førebygging av utslepp til luft og grunn, og etablering av fleire takoverbygg for å hindre avrenning frå avfallsfraksjonar.

Strategisk risiko

Avfallsbransjen er i stor endring. Strategien til konsernet er i samsvar med samfunnsutviklinga og endring av rammer for avfallshandtering i Norge. Dette famnar både krav til kundeservice, miljø og gjenvinning av energi og materiale, og er nedfelt i visjonen Sunnfjord Miljøverk skal tilby løysingar verda treng, til glede og nytte for folk og lokalsamfunnet.

Marknadsrisiko

Selskapet har som ei følgje av lovpålagde renovasjon- og slamtenester med tilhøyrande einerett, liten marknadsrisiko innafor nemnde områder. Deler av konsernaktiviteten er likevel påverka av konjunktursvingingar, strukturendringar og ytre rammevilkår.

Finansiell risiko

Konsernet har ein investeringsstrategi med låg risiko. Midlane morselskapet har, er plassert i pengemarknaden og i selskap knytt til drifta av selskapet. Morselskapet eig SumTrans AS med ein bokført verdi på kr. 2 255 000 og SUM Næring AS med ein bokført verdi på kr. 550 000. Konsernet sine lån er i norske kroner og det vil ikkje vere nokon alvorlege konsekvensar med endra rentenivå.

Kredittrisikoen på kundar vert sett på som avgrensa, då konsernet ikkje har nokon dominerande kundar. Likviditetsrisikoen vert sett på som svært avgrensa.

Verken morselskapet eller konsernet driv eiga forskning eller utvikling etter den rekneskapsmessige definisjonen. Utviklingsaktivitetane er avgrensa til vidareutvikling av konsernet sine tenester.



I si risikovurdering peiker revisor særleg på etterleving av myndigheitskrav som eit kritisk punkt. I tillegg er inntektsføring og eventuell leiing si overstyring av interne kontrollar identifisert som særskilde risikoar som må følgjast opp. Andre risikoområde av økonomisk karakter omfattar estimat knytt til etterdriftsfond, vurdering av utsett skattefordel, etterleving av relevante lover og reglar, nøkkelmansrisiko og IT-tryggleik. SUM arbeider kontinuerleg med å forbetre system og rutinar for å redusere desse risikoane og sikre ei berekraftig og lovmessig drift.

Tryggleik knytt til IT

SUM nyttar ei rekke passive og aktive tryggleiksnett for å ivareta tryggleiken knytt til IT i SUM. SUM nyttar kjende IT-løysingar og har eit tett samarbeid med andre aktørar kring datatryggleik. SUM har tilstrekkeleg back-up av IT-system.



Avfallsmengd 2024


I 2024 vart det totalt levert 23 028 tonn avfall til SUM, ein nedgang frå 28 184 tonn i 2023. Reduksjonen kjem i hovudsak frå ein markant nedgang i deponimengdene, som gjekk frå 14 415 tonn i 2023 til 9 274 tonn i 2024. Dette skuldast i stor grad lågare mengder frå næringslivet, som står for heile 96 % av deponiavfallet.

Restavfall held seg relativt stabilt, med ein liten auke frå 6 492 til 6 571 tonn. Fraksjonar som EE-avfall og metall hadde auke i 2024, medan treverk, glas- og metallemballasje, og kompostering hadde ein viss nedgang.

Papir, plastemballasje og matavfall hadde små endringar, medan hardplast og klorparafinvindaug hadde ein tydeleg auke – sistnemnde nær dobla seg frå 46 til 73 tonn. Dette tyder på at sorteringa og mottaket har blitt meir presis på desse områda.

For farleg avfall totalt er mengdene omtrent uendra, men SUM opplevde ein auke i mengder til gjenvinning og ei tydeleg auke i mottak av PCB.

Når det gjeld slam, vart det levert 3 193 tonn i 2024 – ein liten nedgang frå 3 357 tonn året før. Kommunen står framleis for hovuddelen av desse mengdene, med 79 %.




Fordeling 2024	Andel			Totalt 2024	Totalt 2023
	Hushald	Kommune	Næring		
Deponi	3 %	1 %	96 %	9 274	14 415
Restavfall	87 %	6 %	7 %	6 571	6 492
Treverk	70 %	1 %	30 %	2 480	2 692
Papir	89 %	5 %	5 %	971	983
Metall	90 %	1 %	8 %	887	813
Matavfall	100 %	0 %	0 %	757	780
EE-avfall	92 %	2 %	6 %	442	257
Glas- og metallemballasje	90 %	0 %	10 %	350	404
Kompostering	76 %	2 %	22 %	279	312
Gips	29 %	0 %	70 %	251	223
Plastemballasje	89 %	6 %	5 %	230	253
CCA	83 %	1 %	16 %	125	223
Farleg avfall	90 %	2 %	8 %	114	114
Hardplast	65 %	1 %	34 %	99	73
Batteri	91 %	1 %	7 %	79	73
Klorparafinvindauge	51 %	1 %	48 %	73	46
Farleg avfall, gjenvinning	95 %	1 %	3 %	28	20
PCB	63 %	1 %	36 %	18	11
Totalt				23 028	28 184

Fraksjon	Andel		Totalt 2024	Totalt 2023
	Abonnet	Kommune		
Slam	21 %	79 %	3 19	3 357



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
3F474021B05B40C7862A8D352E480B80



Openheitslova

Verksemder som er omfatta av openheitslova har plikt til å gjennomføre aktsemdsvurderingar, offentleggjere ei skildring av desse vurderingane, og å gje informasjon til personar som rettar skriftleg førespurnad. SUM er medvite om både innhaldet i lova og fristane som gjeld, og arbeider løpande med aktsemdsvurderingane i tråd med krava. Ein eigen rapport for 2024 vil bli publisert innan 30. juni 2025 på SUM sine nettsider..



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
3F474021B05B40C7862A8D352E480B80

4

REKNESKAP

Årsrekneskapen for 2024	31
Driftsinntekter	31
Driftskostnader	32
Finansposter	32
Utgreiing om årsrekneskapen og resultatdisponering	32
Eigenkapital og gjeld	33
Nøkkeltal	34
Fordeling av inntekter og kostnader	34
Ytingar til dagleg leiar i 2024	35
Fordeling på verksemdsområde	36
Kostnadar dekkja av renovasjonsgebyret for hushald	37
Kostnadar dekkja av slamgebyret for hushald	38
Resultatrekneskap	39



Årsrekneskapen for 2024 er gjort opp med eit årsresultat på 0,6 mill. kr.

Rekneskapen er utarbeidd i samsvar med krava i rekneskapslova. Styret vurderer at årsrekneskapen gir eit rettvise bilete av verksemda sine eigedelar og gjeld, eigenkapital, økonomiske stilling og resultat. Føresetnaden om vidare drift er lagt til grunn, og rekneskapen for 2024 er sett opp i tråd med denne føresetnaden.

Rekneskapen for 2024 viser:

- Driftsinntekter på 96,9 mill. kr, mot eit budsjett på 96,8 mill. kr og 88,1 mill. kr i 2023
- Driftskostnader på 97,3 mill. kr, mot eit budsjett på 97,0 mill. kr og 86,6 mill. kr i 2023
- Årsresultat på 0,6 mill. kr, mot eit budsjettert underskot på 0,2 mill. kr og 2,3 mill. kr i overskot i 2023.

Sjølvkostfond er frå 2023 klassifisert som langsiktig gjeld i rekneskapen ved overskot og langsiktig fordring ved underskot.

Eventuelle underskot for rekneskapsåret inneber såleis ei auke i inntektene for det aktuelle år tilsvarande årets sjølvkostresultat.

Driftsinntekter

Driftsinntektene til SUM har auka frå 88,1 mill. kr i 2023 til 96,9 mill. kr i 2024, noko som tilsvarar ein vekst på 10 %. Hovudårsaka til auken er knytt til endringar i sjølvkostfonda, som påverkar inntektene med 12,9 mill. kr i 2024, samanlikna med 7,0 mill. kr i 2023.

Justert for denne endringa, er det likevel ein vekst i dei ordinære driftsinntektene på 2,9 mill. kr samanlikna med året før. Denne auken kjem i hovudsak frå høgare gebyrinntekter.

GGebyrinntektene frå renovasjonsabonnentane har auka frå 48,1 mill. kr i 2023 til 51,9 mill. kr i 2024. Dette er 1,2 mill. kr over budsjett. Inntektene frå slamabonnentane er noko lågare enn budsjettert, med 9,7 mill. kr i 2024 mot eit budsjett på 10,1 mill. kr (ein nedgang på 0,4 mill. kr frå budsjett, men likevel ein liten auke frå 9,4 mill. kr i 2023).

Samla sett viser utviklinga at SUM har hatt ei positiv inntektsutvikling, gjennom auka gebyrgrunnlag.



Driftskostnader

SUM hadde samla driftskostnader på 97,3 mill. kr i 2024, ei auke på om lag 10,4 mill. kr frå 2023, då kostnadene var 86,6 mill. kr.

Auken kjem av fleire forhold, der kostnader knytt til produksjon og drift av avfallsordningane har auka betydeleg frå året før. Totale handsamingskostnader utgjer no 14,0 mill. kr, og den største enkeltfaktoren er den kraftige prisauken på handsaming av restavfall – 80 % frå 2023, tilsvarende 4,4 mill. kr. Samanlikna med 2022 har desse kostnadene auka med heile 304 %.

UUtsortering og handsaming av matavfall har òg bidrege til kostnadsveksten. Dette omfattar både innsamling, mottak og vidare handsaming. Dei nye ordningane krev meir ressursbruk, og er eit viktig ledd i SUM si satsing på meir miljøvennlege og framtidretta løysingar.

Personalkostnadene har auka frå 17,8 mill. kr i 2023 til 21,7 mill. kr i 2024, ein vekst på om lag 3,9 mill. kr. Dette kjem av auka bemanning og satsing på utvikling og styrking av organisasjonen.

Andre driftsrelaterte postar står òg for ein stor del av dei totale kostnadene. IT, kundehandtering og andre administrative tenester utgjer til saman over 13 mill. kr, medan drift av anlegg og forsikring utgjer om lag 5,2 mill. kr. I tillegg kjem avskrivningar på 5,6 mill. kr, som speglar investeringar i anleggsmiddel og utstyr. Desse tre postane utgjer samla sett 24 mill. kr av dei totale driftskostnadene.

SSamla sett viser kostnadsutviklinga i 2024 ei verksemd prega av både ekstern prisvekst og strategiske investeringar i meir moderne og berekraftige tenester.

Finanspostar

Netto finanskostnader er 1,0 mill. kr i 2024 mot 0,89 mill. kr i 2023.

Utgreiing om årsrekneskapen og resultatdisponering

Etter styret si vurdering gir resultatrekneskapen og balansen med tilhøyrande notar eit rettvisande bilete av selskapet sitt resultat for 2024 og den økonomiske stillinga ved årsskiftet. Det har ikkje vore hendingar etter balansen dagen som har vesentleg innverknad på vurderinga av rekneskapen.

Selskapet sitt resultatet etter skatt viser eit overskot på 0,6 mill. kr,



samanlikna med 2,3 mill. kr i 2023. Dette tilsvarar ein nedgang på 1,7 mill. kr frå året før.

Disponering av overskot

Av morselskapet sitt overskot på 0,6 mill. kr. er 0,6 mill. kr. overført til anna eigenkapital.

Disponering av resultat (i kr.)	Beløp (mill. kr)
Overført til anna eigenkapital	0,6
Totalt	0,6

Eigenkapital og gjeld

TTotalkapitalen per 31.12.2024 er på 93,4 mill. kr. mot 84,8 mill. kr. året før. Eigenkapitalen er på 65,5 mill. kr per 31.12.2024. Eigenkapitalandelen per 31.12.2024 er 70,1 % mot 76,6 % per 31.12.2023..

Eigenkapitalen har følgjande fordeling:

Eigenkapital pr. 31.12.2024 (kr.)	Beløp (mill. kr)
Innskoten eigenkapital	0,1
Annan eigenkapital	65,4
Total eigenkapital	65,5

Samla gjeld utgjer 27,9 mill. kr per 31.12.2024. Den langsiktige gjelda utgjer 8,8 mill. kr. per 31.12.24, mot 2,8 mill. kr. pr 31.12.23. Selskapet har ei låneramme på 50 mill. kr.

Langsiktig gjeld sjølvkostfond pr. 31.12.2024	Beløp (mill. kr)
Sjølvkostfond renovasjon kommune	1,31
Sjølvkostfond slam hushald	0,84
Sjølvkostfond slam kommune	0,75
Totalt	2,90

Langsiktig fordring sjølvkostfond pr. 31.12.2024	Beløp (mill. kr)
Sjølvkostfond renovasjon hushald	14,05
Totalt	14,05



Nøkkeltal

Pr. 31.12.2024 (Kr.)	Sunnfjord Miljøverk IKS	SumTrans AS	SUM Næring AS
Inntekter	96,9 mill. kr	28,1 mill. kr	12,7 mill. kr
Resultat	0,6 mill. kr	-0,1 mill. kr	-0,3 mill. kr
Bankinnskudd	8,6 mill. kr	1,7 mill. kr	2,4 mill. kr
Eigenkapitalandel	70,1 %	15,6 %	5,7%
Gjeld til kredittinstitusjonar	5,9 mill. kr	6,8 mill. kr	—
Totale forpliktingar	27,9 mill. kr	12,8 mill. kr	8,8 mill. kr
Likviditetsgrad 1	1,7	0,7	1,0

Fordeling av inntekter og kostnader


Inntektsgrunnlaget til SUM i 2024 var i hovudsak knytt til dei lovpålagde tenestene innan renovasjon og slamhandtering. Den største inntektskjelda var renovasjonsområdet for hushald, som stod for 62 % av dei totale inntektene. Dette speglar SUM si rolle som leverandør av kommunale renovasjonstenester til eit breitt spekter av abonnentar.

Slamrelaterte tenester utgjorde 19 % av inntektene, og omfattar både innsamling og handsaming av slam frå private og kommunale anlegg. Andre inntekter, som inkluderer tenestekjøp frå næringslivet og andre bidrag, stod for 13 %.

I tillegg kom materialgjenvinning med 6 %, noko som reflekterer verdien av avfall som ressurs og SUM sitt arbeid med auka sorteringsgrad og sirkulær økonomi. Inntektsfordelinga gir eit balansert bilete av verksemda, der hovuddelen kjem frå dei faste, gebyrfinansierte tenestene – men der også verdien av ressurgjenvinning og eksterne inntekter spelar ei viktig rolle.

Inntekter

- Materialgjenvinning 6%
- Renovasjon hushald 62%
- Slam 19%
- Andre inntekter 13%



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
3F474021B05B40C7862A8D352E480B80

SUM sine driftskostnader i 2024 fordelte seg på fleire sentrale område innanfor kjerneverksemda. Den største utgiftsposten er knytt til transport av avfall, som utgjorde 27 % av dei totale kostnadene. Dette speglar både det geografiske nedslagsfeltet og volumet av avfall som blir frakta frå gjenvinningsstasjonar og henteordningar.

Personalkostnader stod for 22 %, og reflekterer eit stabilt og kompetent bemanningsnivå som er naudsynt for å sikre forsvarleg drift og fagleg oppfølging. Vidare gjekk 14 % av kostnadene til handsaming av avfall, medan slamrelaterte tenester utgjorde 11 %.

Andre driftskostnader stod for 14 %, og omfattar mellom anna utstyr, forsikringar, tenestekjøp og administrative utgifter. Avskrivningar og drift av anlegg utgjorde høvesvis 6 % og 5 %, og speglar SUM sine investeringar i infrastruktur og maskinpark.

Fordelinga gjev eit godt bilete av SUM sin ressursbruk og understrekar betydninga av effektiv drift i alle ledd for å kunne tilby berekraftige og kostnadseffektive tenester til eigarkommunane og abonnentane.

Kostnader



Ytingar til dagleg leiar i 2024

Yting	Beløp
Lønn	1 066 685

Det er ikkje gitt lån/sikkerheitsstilling til dagleg leiar, styreleiar eller andre nærstående partar.

Det er ikkje bonusordningar i selskapet.



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
3F474021B05B40C7862A8D352E480B80


Fordeling på verksemdsområde

Inntekter og kostnader er fordelt på følgjande verksemdsområde

1. Renovasjon hushald
2. Slam hushald
3. Slam kommune
4. Renovasjon kommune
5. Næring

Tabell: Resultat 2024 fordelt på verksemdsområde

Av desse er det berre næringsområdet som er skattepliktig. Dei øvrige områda følgjer prinsippa for sjølvkost.



Lovverket stiller krav om at kvart sjølvkostfond skal balansere innanfor ein periode på fem år. Det er dermed eit mål å dekkje opp eventuelle underskot i løpet av denne perioden.



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
3F474021B05B40C7862A8D352E480B80

Renovasjon hushald

Rekneskapen for renovasjon hushald viser eit underskot på 12,6 mill. kr i 2024. kr. Ved inngangen til året (1.1.2024) var fondet i underskot med 1,1 mill. kr. Ved utgangen av året (31.12.2024) har fondsunderskotet auka til 14,1 mill. kr.

Slam hushald

Slam hushald viser eit underskot på 0,1 mill. kr i 2024. Ved starten av året var fondet i pluss med 0,8 mill. kr, og fondet er framleis positivt ved utgangen av året, med 0,8 mill. kr.

Næring

For næringsverksemda viser rekneskapen eit samla underskot på 1,1 mill. kr i 2024. Dette omfattar eit underskot på 1,0 mill. kr i SUM, eit overskot på 0,2 mill. kr i SumTrans og eit underskot på 0,3 mill. kr i SUM Næring.

Kommunalt slam

Rekneskapen for kommunalt slam viser eit overskot på 0,1 mill. kr i 2024. Fondet var i pluss med 0,6 mill. kr ved inngangen til året og endar på 0,8 mill. kr ved årsslutt.

Renovasjon kommune

Rekneskapen for renovasjon kommune viser eit underskot på 0,1 mill. kr i 2024. Fondet var i pluss med 1,4 mill. kr ved inngangen til året og endar på 1,3 mill. kr ved årsslutt.

Kostnader dekkja av renovasjonsgebyret for hushald


Renovasjonsgebyret som hushalda betaler, går til å dekkje ei rekkje ulike kostnader knytt til innsamling og handtering av avfall. Den største delen av kostnadene, 25 %, går til innsamling av avfall frå renovasjonsruter, etterfølgd av handsaming av avfall (19 %) og personalkostnader (18 %).

Vidaretransport av avfall utgjør 14 %, medan andre driftskostnader og driftskostnader står for høvesvis 9 % og 7 %. Avskrivningar utgjør 6 %, og IT-kostnader er på 2 %.

Fordelinga syner at ein stor del av renovasjonsgebyret går direkte til praktisk drift og handtering av avfall, noko som bidreg til effektiv og miljøvennleg renovasjonsteneste for hushalda.



Renovasjon hushald




Kostnader dekkta av slamgebyret for hushald

Størsteparten av kostnadene knytt til slam frå hushald går til tømning av slam, som utgjør heile 66 % av dei totale utgiftene. Dette speglar at sjølve tømninga er den mest ressurskrevjande delen av tenesta.

Personalkostnader står for 15 %, medan handsaming av slam utgjør 6 %. Andre driftskostnader (9 %), driftskostnader (2 %), IT (2 %) og avskrivingar (1 %) utgjør mindre delar av totalen.

Fordelinga viser at slamtenesta i hovudsak er prega av operativ drift med fokus på tømning og nødvendig bemanning.

Slam hushald



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
3F474021B05B40C7862A8D352E480B80

Resultatrekneskap

Driftsinntekter og driftskostnader	2024	2023
Salsinntekt	83 971 614	81 043 823
Bruk av/avsetning til sjølvkostfond	12 918 126	7 008 806
Sum driftsinntekter	96 889 740	88 052 629
Varekostnad, transportkostnad	50 632 319	46 252 982
Lønskostnad	21 690 963	17 790 020
Avskrivning	5 546 816	4 730 568
Annan driftskostnad	19 414 758	17 856 251
Sum driftskostnader	97 284 856	86 629 821
Driftsresultat	-395 115	1 422 808
Finansinntekter og finanskostnader		
Inntekt frå investering i dotterselskap	107 536	678 718
Anna renteinntekt	244 508	211 756
Anna finansinntekt	679 086	5 408
Annan rentekostnad	42 342	1 752
Annan finanskostnad	155	0
Resultat av finanspostar	988 632	894 130
Ordinært resultat før skattekostnad	593 517	2 316 938
Skattekostnad på resultat	0	26 600
Årsresultat	593 517	2 290 338
Overføring		
Overført eigenkapital	593 517	2 290 338
Sum overføringar	593 517	2 290 338
Opplysning om:		
Avsatt konsernbidrag til datterselskap	600 000	1 500 000



Balanse

Eigedelar	2024	2023
Anleggsmiddel		
Immaterielle eigedeler		
Konsesjonar, patentar o.l	2 586 656	0
Utsett skattefordel	5 226 445	5 226 445
Sum immaterielle eigedelar	7 813 101	5 226 445
Varige driftsmiddel		
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	29 005 135	18 142 106
Driftslausøyre, inventar, verktoy, kontormaskinar og liknande	15 307 830	6 952 997
Sum varige driftsmiddel	44 312 964	25 095 103
Finansielle anleggsmiddel		
Investeringar i dotterselskap	3 405 000	2 805 000
Investeringar i aksjar og partar	0	6 118 142
Andre langsiktige krav	14 046 479	1 063 433
Sum finansielle anleggsmiddel	17 451 479	9 986 575
Sum anleggsmiddel	69 577 544	40 308 123
Omløpsmiddel		
Varer	0	902 300
Krav		
Kundekrav	3 990 236	5 247 820
Andre kortsiktige krav	2 949 810	748 369
Krav på selskap i same konsern	8 279 429	9 199 960
Sum krav	15 219 476	15 196 149
Bankinnskot, kontantar og liknande	8 564 879	28 352 105
Sum omløpsmiddel	23 784 354	44 450 554
Sum eigedelar	93 361 899	84 758 676



Balanse

Eigenkapital og gjeld	2024	2023
Innskoten egenkapital		
Interessekapital	100 000	100 000
Sum innskoten egenkapital	100 000	100 000
Opptent egenkapital		
Annan egenkapital	65 385 217	64 791 700
Sum opptent egenkapital	65 385 217	64 791 700
Sum egenkapital	65 485 217	64 891 700



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
3F474021B05B40C7862A8D352E480B80

Balanse

	2024	2023
Gjeld		
Avsetjing til plikter		
Etterdriftsfond	5 073 811	4 623 811
Sum avsetjing for plikter	5 073 811	4 623 811
Øvrig langsiktig gjeld		
Gjeld til kredittinstitusjonar	5 876 945	0
Øvrig langsiktig gjeld	2 897 089	2 832 169
Sum anna langsiktig gjeld	8 774 035	2 832 169
Kortsiktig gjeld		
Konserngjeld	1 014 157	821 282
Leverandørgjeld	7 399 787	4 342 274
Skyldige offentlege avgifter	1 610 065	2 564 085
Anna kortsiktig gjeld	4 004 828	4 683 355
Sum kortsiktig gjeld	14 028 836	12 410 996
Sum gjeld	27 876 682	19 866 976
Sum egenkapital og gjeld	93 361 899	84 758 676



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
3F474021B05B40C7862A8D352E480B80

Styret i Sunnfjord Miljøverk IKS

Førde, 23. mai 2025

Grim Erik Gillestad
Styreleiar

Marius Langballe Dalin
Nestleiar

Anne Mette Hjelle
Styremedlem

Anja Grov Johnsen
Styremedlem

Joakim Janninge
Styremedlem

Tore Dvergsdal
Dagleg leiar



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
3F474021B05B40C7862A8D352E480B80

Sunnfjord Miljøverk IKS
Kloppstadvegen 310
6815 Førde

sumavfall.no



SM Sunnfjord
Miljøverk



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
3F474021B05B40C7862A8D352E480B80